



HLM Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/951 - 19/28311

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.09.2019

Igangsetjingsløyve (2) for grunnarbeidet innafor o_BOP3 - gbnr 137/821 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 528/19

Tiltakshavar: Lindås kommune ved eigedomsavdelinga
Ansvarleg søkjar: HLM Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for veg- og grunnarbeid innafor o_BOP3 i samsvar med gitt rammeløyve. Det er opplyst i søknaden at arbeidet ikkje omfattar etablering av vass- og avløpsanlegg. Dette vil verta søkt om i eigen søknad.

Det er gitt rammeløyyet i vedtak datert 19.07.2019, og igangsetjingsløyve for veg- og grunnarbeid utanfor BOP3 og avgraving av matjord innafor o_BOP3 i vedtak datert 23.08.2019.

Det vert elles vist til søknad mottatt 06.09.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 06.09.2019 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2, dvs. 27.09.2019.

Uttale frå andre

Statens vegvesen har gitt uttale i saka i e-post datert 04.09.2019. Dei skriv:

«Statens vegvesen har ingen merknad til at det vert oppstart på arbeida på tomta for skulebygget, så lenge det ikkje medfører auka trafikk og transport av massar på Fv565 og det same for bruken av eksisterande avkøyring i Myra, før det er etablert nytt køyremønster i det nye krysset. Vi ber om å få tilsendt revidert framdriftsplan og faseplan for det nye krysset på Fv565.»



VURDERING

I samsvar med føresegn 4.8 kan grunnarbeidet i o_BOP3 ikkje setjast i gang før nytt køyremønster og venstresvingefelt i kryss mellom o_SKV1 og o_SKV3 er etablert.

På bakgrunn av Statens vegvesen si uttale i saka finn kommunen at det kan gjevast igangsetjingsløyve slik det er søkt med dei vilkår Statens vegvesen har sett.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaksklasse slik det går fram av gjennomføringsplan datert 06.09.2019.

Det går ikkje fram av gjennomføringsplanen at kontroll av geoteknisk prosjektering er belagt med ansvar, jf. Sak10 § 14-2 c). Før vidare arbeid kan ta til må det liggja føre oppdatert gjennomføringsplan og erklæring om ansvar for kontroll av geoteknikk. Ansaret må dekkja heile tiltaket.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetjing av veg- og grunnarbeid innafor o_BOP3 på følgjande vilkår:

- Rammeløyve datert 19.07.2019 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Arbeidet skal ikkje føra til auka trafikk og transport av massar på fv 565 eller avkøyringa til området, før det er etablert nytt køyremønster i det nye krysset mellom o_SKV1 og o_SKV3.
- Før arbeidet kan ta til må det liggja føre erklæring om ansvar for kontroll av geoteknikk og oppdatert gjennomføringsplan.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/951

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

HLM Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
Lindås kommune ved egedomsavdelinga	Felles postmottak	5914	ISDALSTØ
Lindås kommune ved egedomsavdelinga	Kvernhusmyrane 20		
	Felles postmottak	5914	ISDALSTØ
	Kvernhusmyrane 20		

Mottakarar:

HLM Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
-------------------	------------------	------	--------